

Brann i hus på Brekketoppen.

28.03.2017



Brann i betonghus på Brekketoppen. Flammane var godt synlege i 2. høgda.

Det er brann i eit større hus på Brekketoppen i Uskedalen. Huset, som er i betong, ligg nær bensinstasjonen. Branntropp Rosendal, Husnes og Uskedalen er på plassen. Det same er Politiet og ambulansespersonale. Trafikken er førebels stoppa i begge retningar.



Alt disponibelt mannskap var på plassen og tok del i sløkkinga.

Røykdykkarar skal ta seg inn for å sikra at det ikkje er folk i huset. Uskedalen.no kjenner ikkje til nøyaktig kva tid brannen vart varsla,- truleg i tida mellom klokka 07 og 08. Brannmannskapa har kontroll over brannen kring klokka 09.

Meir om brannen på Brekkeoppen når det føreligg informasjon frå Politiet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Huset ligg nær bensinstasjon og bilverkstad. Det er ikkje fare for spreing av brannen.